



Avtale om kjøp av datamaskin gjennom fylkeskommunal rammeavtale 2010

1. PARTAR

Denne avtala ("avtala") er inngått [dato] mellom:

Sogn og Fjordane fylkeskommune, org nr 941 388 841 ved [namn på skule] ("skulen") og [namn på elev], [fødselsdato- og personnr] ("eleven").

I denne avtalen vert omgrepet "eleven" nytta om avtaleparten anten han er elev eller lærling.

2. BAKGRUNN OG FØREMÅL

Bakgrunnen for avtala er å sikre at alle elevar i vidaregåande skule har tilgang til berbar datamaskin til bruk i opplæringa. Skulen tilbyr eleven å kjøpe datamaskin gjennom fylkeskommunal rammeavtale, på den måten at fylkeskommunen er eigar, mens eleven har bruksrett til datamaskina frem til siste eigendel er betalt. Når siste eigendel er betalt overtek eleven eigarskapen til datamaskina.

Føremålet med denne avtala er å regulere eigarforholdet og bruksretten av berbar datamaskin til bruk i opplæringa mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og eleven.

3. DATAUTSTYRET OG PROGRAMVAREN SOM AVTALA OMFATTAR:

Datautstyret og programvaren som vert omfatta av denne avtala er definert i punkt 3.1 og 3.2.

3.1. DATAUTSTYR:

Prossessor	AMD Athlon™ Neo X2 Dual-Core L325
Minne	2 GB
Disk	160GB 5400RPM
Skjerm	13.3", 16:9 HD (1366 x 768), LED
Vekt	1,74 kg
Mål (b,d,h)	(322*228*25,4)mm
DVD/CDRW	Ingen optiske drev
Batteri	6 celler (ca. 5 t.)
WebCam	Ja
Tal på USB utgangar	3
Utgang til hodetelefon	Ja
Nettverk	10/100/1000 mB kabla 802.11(b,g,n) Ingen bluetooth

3.2. PROGRAMVARE:

Maskinene vert levert med Windows 7 Home Premium og desse programma ferdig installert:

- OpenOffice 3,2 (nynorsk)
- Evernote
- PDFCreator
- PDF SAM
- Adobe Acrobat Reader
- Firefox
- Microsoft Security Essentials (antivirus)
- VLC
- Shockwave
- Flash
- Silverlight
- Java
- GeoGebra
- Kalkulator –ParAbel
- Gimp
- Paint.net
- Freemind
- Audacity
- Google Earth
- Google Sketchup
- Picasa
- Photostory
- FFDshow
- Wxmaxima
- 7-zip

Eleven er sjølv ansvarleg for å oppfylle lisensavtalene for dei aktuelle programma.

4. BETALING

Eleven betalar ein årleg sum tilsvarende lågaste stipendsats for ikkje-behovsprøvd stipend det aktuelle år for bruk av datamaskina i tre år. Stipendsatsen skuleåret 10/11 er kr 870,-.

Skulen, der eleven er elev pr 01.10. det aktuelle året, fakturerer eleven pr 01.10. dei to første åra. (i 2011 og 2012). Det tredje året vert faktura sendt i april (2012).

Betalingsfrist er 30 dagar. Ved for sein betaling vert det gjeve purring og ved manglande betaling etter purring vert kravet oversend til inkasso.

5. VARIGHEIT OG OPPHØYR

Eleven har bruksrett til datautstyret så lenge han er elev i vidaregåande skule eller er lærling i bedrift. Eleven overtek eigarskapen til datamaskina ved siste forfall i 2012.

Ved frivillig eller ufrivillig avbrot frå vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane må eleven kjøpe ut datamaskina. Dette kan t.d. vere bortvising for resten av skuleåret eller permisjon over seks månader frå vidaregåande skule, flytting til anna fylke og ved skulegang i utlandet i løpet av dei tre åra (lista er ikkje uttømmende). Skulen fakturerer differansen mellom tre gongar lågaste stipendsats på avbrotstidspunktet og allereie innbetalt beløp.

Betalingsfrist er 30 dagar. Ved for sein betaling vert det gjeve purring og ved manglande betaling etter purring vert kravet oversend til inkasso.

Elevar som byter skule innan fylket i løpet av opplæringa tek med seg maskina. Resterande beløp skal betalast inn til den nye skulen.

Eleven har ikkje høve til å levere inn att maskina.

6. GARANTI, FORSIKRING, TAP OG SKADE

Skulen har, gjennom fylkeskommunen sin avtale med leverandøren Atea, ei utvida garantitid på tre år. Dette gjeld ikkje batteriet, som berre har eitt års garanti. Garantien startar frå juni, og gjeld til juni tre (eller eitt) år etter. I tillegg er det inngått ein forsikringsavtale som sikrar ny maskin/ reparasjon ved hendelege uhell. Forsikringsvilkår ligg på www.sfj.no/elevpc.

Eleven er innforstått med at forbrukarkjøpslova ikkje gjeld for denne avtala.

Avtala med leverandøren inneber innsending til Atea med retur innan 14 dagar. IKT-ansvarleg ved skulen skal på førehand avgjere om maskina skal sendast inn eller ikkje. I denne perioden syter skulen for låne-PC dersom

dette er tilgjengeleg. Det er likevel eleven si plikt å halde maskin om skulen ikkje har fleire tilgjengelege maskiner.

Ved tap eller skade på datamaskina eller programvaren, skal det meldast frå til skulen umiddelbart. Tap eller skade som hindrar eleven i å nytte utstyret, frittek ikkje for betaling i samsvar med denne avtala. Skulen vil ved behov stille låne-PC til rådvelde for eleven inntil taps-/skadesaka er avklara, dersom slik maskin er tilgjengeleg. Det er likevel eleven si plikt å halde maskin om skulen ikkje har fleire tilgjengelege maskiner.

Ved tap eller skade på datamaskin eller programvare som følgje av aktløyse eller forsettleg handling frå eleven si side og som ikkje vert dekt av garanti eller forsikring, er eleven pliktig å skaffe ny datamaskin og/eller programvare til bruk i opplæringa. Eleven er også pliktig å kjøpe ut datamaskina.

7. BRUK OG VEDLIKEHALD

Fylkeskommunen sitt IKT-reglement og skulen sitt ordensreglement gjeld fullt ut i den tida ein er elev i vidaregåande skule. Brot på plikter etter denne avtala eller desse reglementa vert handtert etter skulen sitt ordensreglement. Brot kan og få konsekvensar ved fastsetjing av ordenskarakteren. I tillegg gjeld følgjande:

- Maskina skal handsamast på forsvarleg måte. Eleven pliktar å ha maskina i stand til ei kvar tid og må sjølv ta ansvaret for dagleg drift og vedlikehald.
- Eleven har alt ansvar for data som er lagra på den berbare maskina.
- Eleven pliktar til ei kvar tid å ha oppdatert antivirusprogramvare på datamaskina. Skulen kan nekte å la eleven bruke maskina under prøver og/eller eksamenar om maskina ikkje har oppdatert antivirusprogramvare. Eleven vil då ikkje få tilbod om anna datamaskin.
- Eleven pliktar å følgje skulen sitt ordensreglement med omsyn til bruk av datamaskin.
- Skulen pliktar ikkje å melde datamaskina inn i domene. Skulen skal heller ikkje ha service-/driftsansvar for datamaskina.
- Fabrikkermerking, fabrikkasjonsnummer, OEM-lisens og fylkeskommunal merking med meir som tener til identifikasjon av datamaskina skal ikkje fjernast.

8. ENDRINGAR OG OVERDRAGING

Eventuelle endringar i denne avtala gjeld berre dersom desse er skriftlege og underskrivne av partane. Eleven har ikkje rett til å overdra denne avtala til ein tredjepart utan skriftleg samtykke frå skulen.

Avtala er skriven ut i eitt eksemplar til kvar av partane.

[Eleven sitt namn]*

[Skule]

* Om eleven er under 18 år, må denne avtala og underteiknast av eleven sine føresette.

[føresette sine namn]
